

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Suldal Elveigarlag SA
Suldalsvegen 881
4230 Sand

Ritland 09.06.15

**Høyringsuttale til søknad om bygging av vasskraftverk i Steinsåna, Suldal i Rogaland Fylke.
Registreringsnummer 7315, Saksnummer 201306828**

Suldalslågen er sterkt påverka av store vasskraftutbyggingar. I vilkåra som Statkraft fekk når Suldalslågen vart regulert ligg det inne at eit av dei avbøtande tiltaka skal vera utsetjing av yngel og/eller smolt for å kompensera for at den naturlege produksjonen i elva går ned.

Suldal Elveigarlag driv klekkeri på Ritland i Suldal. Her vert det produsert smolt av lokal stamme, som vert sett ut på oppdrag for Statkraft. Vatnet som vert brukt i klekkeriet vert henta i Ritlandsvatnet. Suldal Elveigarlag har eigen konsesjon for bruk av dette vatnet.

Me har gått gjennom konsesjonssøknaden frå Clemens Kraft og finn ingen stad at dette er teke med i vurderingane av korleis kraftverket vil påverka natur, miljø og næringsinteresser.

Vasskvaliteten på inntaksvatnet vårt er ikkje optimal til den produksjonen me driv. Låg pH og metallopløysingar i vatnet er i periodar utfordrande. Dei siste åra har me investert betydelege middlar i avbøtande tiltak. Det blir kontinuerlig tilsett middlar i vatnet for å redusera giftverknaden av oppløyste metallar.

Før konsesjonssøknaden kan behandlast forventar me ei fagleg utgreiing av korleis det planlagde kraftverket vil påverka vasskjemien. Me veit at å flytta vasstransporten frå naturleg, open bekk til lukka røyrgate kan endra både pH, metallopløysingar og gassmettingar i vatnet.

Suldal Elveigarlag kan ikkje godta eit inngrep i vassdraget som forringar vasskvaliteten til vår produksjon. Dersom ei fagleg utgreiing syner at tiltaket kan ha negativ innverknad på vasskvaliteten inn i vårt klekkeri forventar me at det blir forlanga avbøtande tiltak som rettar opp all negativ påverknad. Kan ikkje dei negative effektane rettast på må ein avslå konsesjonen.

For Suldal Elveigarlag



Sigmund Vårvik
Dagleg leiar